



7. Utvikling, nettverk og systemarbeid

Området Utvikling, nettverk og systemarbeid handlar om å skape eit mest mogleg heilskapleg karriererettleiingstilbod for dei einsskilde målgruppene.

Ein karriererettleiar har kompetanse til å ta på seg arbeidsoppgåver på eit systemnivå, som mellom anna kan omfatte koordinering, nettverksbygging, innovasjon, prosessleiing og utvikling av karriererettleiingstilbod.

Kunnskap

Karriererettleiaren:

- har kunnskap om korleis karriererettleiingsfeltet i Norge er organisert
- har kunnskap om betydinga av strategisk og målretta karriererettleiingsarbeid i sin eigen organisasjon
- har grunnleggande kjennskap til organisasjonsutvikling, innovasjon, leiing og forvaltning

Ferdigheiter

Karriererettleiaren:

- tek initiativ til å drive utviklingsarbeid for å styrke karriererettleiingstilbodet i sin eigen organisasjon eller sektor
- legg til rette for strategisk kommunikasjonsarbeid og synleggjering av karriererettleiingstilbod
- bygger nettverk og samarbeider med utdanning, arbeidsliv og frivillig sektor

Generell kompetanse

Karriererettleiaren:

- kan formidle resultat, problemstillingar og faglege perspektiv frå karriererettleiingsfeltet i ulike former og medium
- har forståing for politiske prosessar og karriererettleiinga sitt bidrag i eit komplekst system